



Familie- og kulturkomiteen
Sendt inn gjennom stortinget.no

Deres referanse:
Vår referanse: 2021/78
Dato: 15/04/2021

Skriftleg høyringsinnspel - Dokument 8:134 S (2020–2021) Representantforslag om eit styrka og gratis krisesentertilbod for valdsutsette

Me viser til Dokument 8:134 S (2020–2021) - Representantforslag om eit styrka og gratis krisesentertilbod for valdsutsette.

Noregs institusjon for menneskerettar (NIM) har som hovudoppgåve å fremje og verne menneskerettane i tråd med Grunnlova, menneskerettslova, og anna lovgjeving, internasjonale traktatar og folkeretten elles. NIM skal bidra til å styrke gjennomføringa av menneskerettane, særleg ved å rådgje og fremje tilrådingar til Stortinget, regjeringa og andre offentlege aktørar.

Representantforslaget inneheld fleire tiltak som er meint for å styrkje krisesentertilbodet for valdsutsette, mellom anna øyremerking av midlar til finansieringa av krisesentertilboda, endringar i krisesenterlova § 2 om tilstrekkeleg nærleik og heildøgnsbemanning, og betring av krisesentertilbodet for samiske valdsutsette. NIM uttalar seg som hovudregel ikkje om hensiktsmessigheita av dei ulike tiltaka styresmaktene vel for å oppfylle menneskerettslege plikter. NIM vil derimot kome med nokre overordna innspel om menneskerettslege sider ved representantforslaget.

1. Plikter etter Istanbulkonvensjonen

Noreg er menneskerettsleg forplikta til å sikre vern og støtte til valdsutsette, mellom anna tilgang til krisesenter. Denne plikta følgjer mellom anna av Europarådets konvensjon om førebygging og nedkjemping av vald mot kvinner og vald i nære relasjonar (Istanbulkonvensjonen). Det følgjer av Istanbulkonvensjonen artikkel 23 at staten er forplikta til å treffe dei tiltaka som er naudsynte for å opprette eit tilstrekkeleg tal med føremålstenlege og lett tilgjengelege krisesenter. Vidare er staten gjennom Istanbulkonvensjonen artikkel 18 (3) forplikta til å ivareta dei særlege behova til sårbare personar ved gjennomføringa av vern- og støttetiltak etter konvensjonen, inkludert

sikring av eit krisesentertilbod. «Sårbare personar» omfattar mellom anna etniske minoritetar.¹

2. Tilrådingar frå FNs overvakingsorgan

FNs kvinnekomité har i sine tilrådingar til Noreg peikt på manglar ved krisesenterdekkinga i Noreg.² Vidare har fleire av FNs overvakingsorgan også i sine tilrådingar framheva at den samiske folkesetnaden er særleg utsett for vald og overgrep, og har tilrådd staten å setje i verk tiltak for mellom anna å gi vern til samiske valdsutsette.³ Også NIM har peika på vald- og overgrepssituasjonen i samiske samfunn ved fleire høve.⁴

3. Avslutning

Etter NIM sitt syn er det viktig å setje i verk tiltak for å betre krisesentertilbodet for valdsutsette, både for den samiske folkesetnaden og for folkesetnaden elles, for å sikre at Noreg etterlever sine menneskerettslege plikter etter mellom anna Istanbulkonvensjonen.

Venleg helsing
for Noregs institusjon for menneskerettar

Gro Nystuen
Assisterande direktør

Mina Haugen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har dermed ingen signatur.

¹ Sjå *Explanatory Report to the Council of Europe Convention on preventing and combating violence against women and domestic violence*, avsnitt 120 jf. avsnitt 87, som definerer kven som er rekna som «sårbare personar» etter konvensjonen.

² Sjå FNs kvinnekomité, CEDAW/C/NOR/CO/9, paras. 24 (i) og 25 (f). Tilrådingar frå FNs overvakingsorgan, inkludert FNs kvinnekomité er ikkje rettsleg bindande, men gir uttrykk for korleis staten best kan etterleve sine menneskerettslege plikter.

³ Sjå mellom anna FNs torturkomité, CAT/C/NOR/CO/8, paras. 23 (c) og 24 (c); FNs menneskerettskomité, CCPR/C/NOR/CO/7, para. 14 og para. 15 (a); FNs rasediskrimineringskomité; CERD/C/NOR/CO/23-24, paras 21 (a) og 22 (a).

⁴ Sjå mellom anna NIM sin rapport *Vold og overgrep i samiske samfunn*, tilgjengeleg på nhri.no.